



Nord-Troms jordskifterett

Rettsbok

Sak: 1900-2014-0007 Storsletta, gnr.81

i Nordreisa kommune

Påbegynt: 02.07.2014

Avsluttet: 16.02.2015



RETTSBOK

Domstol:	Nord-Troms jordskifterett
Møtedag:	02.07.2014
Stad:	Grendehuset på Havnes i Nordreisa
Sak nr.:	1900-2014-0007 Storsletta, gnr.81
Saka gjeld:	Krav om grensegang etter jordskiftelova § 88
Jordskiftedommar:	Jordskiftedommarfullmektig Sæmund Stokstad, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd
Protokollfører:	Jordskiftedommaren
Saka er kravd av:	Ole Jensen
Til handsaming:	Hovudforhandling i tvist om grenser for gnr. 81/6

Partar:

Eigar av gnr. 81/1, Kjell Odd Johansen, Häggvägen 7 SE 66011 Billingsfors, Sverige
Eigar av gnr. 81/2, Leif Hilmar Berg, Vest-Uløyveien 449, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/4, Thor Ole Jenssen, Engenes, 9161 BURFJORD
Eigar av gnr. 81/6, Ole Jensen, Høgegga 19, 9151 STORSLETT
Eigar av gnr. 81/18, Torbjørg Magdalene Olsen, Malangseidet, 9055 MEISTERVIK
Eigar av gnr. 81/23, A/l Ul-løkka, ved Olav Rokne Erichsen, 780 Straumfjord vest, 9151 STORSLETT
Eigar av gnr. 81/24, Odin Herbjørn Larsen, Vest-Uløyveien 542, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/27, Kirsten Henie Flaskerud, Vest-Uløyveien 547, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/45, Else Gåre, Markenes, 9050 STORSTEINNES
Eigar av gnr. 81/48, Greta Torhild Heggelund, Alvheim 11, 9152 SØRKJOSEN

Eigedomane ligg i Nordreisa kommune

Til stades: Ole Jensen, Thor Ole Jensen, Kirsten Henie Flaskerud, Else Gåre, Olav Rokne Erichsen, Leif Hilmar Berg, Kjell Odd Johansen, Odin Herbjørn Larsen og Torbjørg Magdalene Olsen.

I tillegg møtte Asbjørn Jensen og Noralf Olsen som tilhøyrarar.

Frå jordskifteretten møtte i tillegg til jordskiftedommaren, overingeniør Arnulf Sørum.

Dei andre partane var lovleg innkalla, men møtte ikkje.

På førespurnad frå jordskiftedommaren hadde ingen merknader til innkallinga til møtet eller til måten retten var samsett på. Ingen kjende til noko som kunne tilseia at jordskiftedommaren er inhabil, jf. domstollova §§ 106-108.

Jordskiftedommaren orienterte partane om jordskifteretten si handsaming i grensegangssaker generelt, og om den aktuelle saka spesielt. Partane vart kort orientert om ankereglane og kostnader ved saka.

Følgjande dokument er lagt fram i saka:

1. Krav om grensegangsak frå Ole Jensen, datert 14. mars 2014
2. Utsnitt av sak 1900-2008-0008
3. Utsnitt av sak 1900-2007-0016
4. Utskrift av pantebok om utskifting av gnr. 81, datert 25. mai 1837
5. Utskrift av pantebok om frådelling av gnr. 81/18 og 19, datert 23. juni 1908
6. Utskrift av pantebok med skylddeling av gnr. 81/23, datert 29. juli 1919
7. Skylddelingsforretning for gnr. 81/24, datert 1. august 1949
8. Avtale mellom gnr. 81/1 og 6 om eigedomsgrense, datert 15. februar 1990
9. Kartutsnitt som syner område saka gjeld, datert 28. mai 2005

Jordskiftedommaren gjekk gjennom dokumenta i den grad det var naudsynt. Partane blei etter dette oppmoda om å levera inn eventuelle andre dokument som kunne opplysa saka.

Partane blei formana og gav forsikring.

Retten gjekk gjennom dei ulike grenselinjene og retten kom i samråd med partane fram til at det beste ville vera å halda fram rettsmøtet i marka. Det blei avtala at retten skulle gå opp grensene saman med partane frå den sørlegaste grensa og nordover.

Det blei også bestemt at ein ikkje ville synfara grensene til skogteigen. Retten gjorde greie for korleis grensene er skildra for skogteigen i skylddeling. Skogteigen er skildra til å gå frå "...*Offerselven til Sjaahougen...*".

Eigar av gnr. 81/6, Ole Jensen, fekk ordet. Han forklarte kva grenser han ynskte klarlagt i saka. For skogteigen var Ole Jensen samd i at grensa mot nord skulle gå i Offerelva og mot sør slik den er synt på kartet. Jensen gjorde gjeldande at ein ikkje var nøydd å merka grensa, men at han ynskte koordinatane til nokre punkt som kunne bestemma grensa og retninga på denne.

Eigar av gnr. 81/2, Leif Hilmar Berg, fekk ordet og la fram sitt syn på saka. Han sa seg samd i at det var Offerelva som måtte nyttast, dersom det var det som stod i utskiftinga.

Eigar av gnr. 81/4, Thor Ole Jenssen, fekk ordet og la fram sitt syn på saka. Han var samd med Ole Jensen i at grensa skulle gå slik den er i kartet i dag. Han såg ikkje noko behov for å merka grensa.

Retten gjekk etter dette opp grensene mot kvar einskild eigedom. Dei berørte partane fekk høve til å uttala seg der dei var partar. Retten gjorde partane merksame på at ein ville koma tilbake for å merka grensene etter ferien, og at partane då ville bli kontakta slik at ein kunne

vera med. Når dette er gjort vil utkast til rettsfastsettande vedtak verta sendt ut, jf. jordskiftelova § 17a. Ingen av partane hadde merknader til dette.

Partane vart kort orientert om ankereglane.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Dagens rettsmøte vara frå kl. 11.15 til kl. 16.00.

Retten heva.
Uløya, 02.07.2014

Sæmund Stokstad
(sign.)



RETTSBOK

Domstol:	Nord-Troms jordskifterett
Møtedag:	16.02.2015
Stad:	Jordskifteretten sine lokale i Tromsø
Sak nr.:	1900-2014-0007 Storsletta, gnr.81 - utsett frå 02.07.2014
Saka gjeld:	Krav om grensegang etter jordskiftelova § 88
Jordskiftedommar:	Jordskiftedommarfullmektig Sæmund Stokstad, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd
Protokollfører:	Jordskiftedommaren
Saka er kravd av:	Ole Jensen
Til handsaming:	1 Rettsfastsetjande vedtak 2 Grenser 3 Jordskiftekostnader og avsluttande føresegner

Partar:

Eigar av gnr. 81/1, Kjell Odd Johansen, Häggvägen 7 SE 66011 Billingsfors, Sverige
Eigar av gnr. 81/2, Leif Hilmar Berg, Vest-Uløyveien 449, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/4, Thor Ole Jenssen, Engenes, 9161 BURFJORD
Eigar av gnr. 81/6, Ole Jensen, Høgegga 19, 9151 STORSLETT
Eigar av gnr. 81/18, Torbjørg Magdalene Olsen, Malangseidet, 9055 MEISTERVIK
Eigar av gnr. 81/23, A/l Ul-løkkka, ved Olav Rokne Erichsen, 780 Straumfjord vest, 9151 STORSLETT
Eigar av gnr. 81/24, Odin Herbjørn Larsen, Vest-Uløyveien 542, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/27, Kirsten Henie Flaskerud, Vest-Uløyveien 547, 9159 HAVNNES
Eigar av gnr. 81/45, Else Gåre, Markenæs, 9050 STORSTEINNES
Eigar av gnr. 81/48, Greta Torhild Heggelund, Alvheim 11, 9152 SØRKJOSEN

Eigedomane ligg i Nordreisa kommune

Til stades: Ingen av partane var kalla inn til dette møtet

Sidan førre møte er følgjande dokument lagt fram i saka:

10. Skylddelingsforretning for gnr. 81/24 tilsendt frå Statens kartverk, 8. juli 2014
11. Utkast til rettsfastsetjande vedtak, datert 16. januar 2015

1 Rettsfastsetjande vedtak

Saka blei kravd som grensegang av Ole Jensen, eigar av gnr. 81/6 i Nordreisa kommune, 14. mars 2014. Det blei halde hovudforhandling 2. juli 2014 på grendehuset på Havnes. Det blei i møtet avtala at Nord-Troms jordskifterett i etterkant skulle senda ut eit utkast til rettsfastsetjande vedtak.

Nord-Troms jordskifterett har i medhald av jordskiftelova § 17 kome til slikt

rettsfastsetjande vedtak:

Saka gjeld fastsetjing av eigedomsgrenser for gnr. 81/6. Grensene som er kravd gått opp er både yttergrensene og grenser til allereie frådelte eigedomar innanfor eigedomen sine yttergrenser. Retten tok først stilling til grensene kring busetjinga på Storsletta. Partane blei samde om desse grensene. Desse blei merkt og målt inn i rettsmøtet av overingeniør Arnulf Sørum.

I tillegg ynskte rekvirent Ole Jensen at grensene for ein skogteig lenger nord på Uløya skulle fastsetjast. Partane var samde om at ein skulle leggja til grunn dei grenselinjene som går fram av matrikkelkartet. Då det kom fram noko usikkerheit om desse grensene var korrekte blei partane samde om at ein likevel ynskte å få kontrollert desse grensene. Overingeniør Arnulf Sørum forsøkte saman med dei aktuelle partane å koma til desse teigane. Terrenget og vêrtilhøva gjorde at dette ikkje var mogeleg.

Då det ikkje ligg føre dokumentasjon som syner at grensene som går fram av matrikkelkartet er korrekte, har ein i samråd med rekvirenten i saka kome til at ein held desse grensene utanfor saka. Dersom ein på eit seinare tidspunkt ser det som naudsynt å gå opp desse grensene vil ein kunne krevje ny sak om dette hjå jordskifteretten.

Grensene ein har vorte samde om i denne saka går føre eventuelle tidlegare saker og avtalar partane har inngått, jf. sak 1900-1985-0026 og utanomrettsleg avtale inngått i ettertid av denne.

Nord-Troms jordskifterett sendte utkast til rettsfastsetjande vedtak med grenseskildring og kart til partane 16. januar 2015. Det er ikkje kome inn merknader til dette. Jordskifteretten er etter dette kome til slik endeleg

slutning:

Eigedomsgrensene for gnr. 81/6 vert fastsett i samsvar med utkast til rettsfastsetjande vedtak, datert 16. januar 2015 og grenseskildringa nedanfor.

2 Grenser

På bakgrunn av det rettsfastsetjande vedtaket er det utarbeidd slik utgreiing for grensene. Grensene blei merka og målt inn under rettsmøtet 2. juli 2014 under leiing av overingeniør Arnulf Sørum.

2.1 Grenseskildring og målegrunnlag

Grensene går i rette linjer mellom dei grensepunkta det er oppgitt retning for. Retninga mellom punkta er rekna frå punkta sine koordinatar og er angitt i forhold til kartet si nordretning. Sirkelen er delt inn i 400 gon. Avstanden mellom grensepunkta er horisontale mål i meter.

Nye grensemerker er boltar/røyr av aluminium forsynt med hovud med påskrifta "GRENSE" og "JORDSKIFTERETTEN".

Grensepunkta er koordinatbestemt med fasemålande tofrekvent satellittmåleutstyr med korreksjonsdata frå Statens Kartverk (CPOS). Grensepunkta sine koordinatar har ein forventa nøyaktigheit betre enn 0,1 meter.

Grensene er vist på vedlagt kart med kartnummer 196426. Kartet består av eitt kartblad. Koordinatsystemet er Euref89, UTM, sone 33.

Grense 1

Eigedom til venstre: Gnr. 81/6

Eigedom til høgre: Gnr. 81/1

Punktnr	Beskrivelse	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Grensa startar i sjøen så langt ut privat eigedomsrett gjeld og går med retning 71.36 gon til punkt 39					
39	Off. godkj. grensemerke i stein	71,36	37,03	7756261,76	712303,29
30	Off. godkj. grensemerke i jord	71,30	141,65	7756277,86	712336,63
38	Off. godkj. grensemerke i fjell	71,38	81,93	7756339,58	712464,12
37	Off. godkj. grensemerke i fjell	71,31	267,16	7756375,18	712537,91
33	Off. godkj. grensemerke i fjell	81,03	238,06	7756491,54	712778,40
34	Off. godkj. grensemerke i fjell	81,04	134,50	7756561,42	713005,97
36	Off. godkj. grensemerke i jord			7756600,89	713134,56

Og vidare i same retning, så lenge grensa er felles for dei to eigedomane. Ein har ikkje i denne saka teke stilling til ei eventuell grense mot gnr. 81/19. Grensa mellom gnr. 81/6 og 81/19 er handsama i jordskiftesak 1900-2007-0016.

Grensemerkene med punktnummer 33 og 34 er sett ned i samband med sak 1900-1985-0026. Grensemerka er målt inn på nytt i denne saka.

Grensa vert broten av veggrunn mellom grensemerka med punktnummer 30 og 38.

Grense 2

Eigedom til venstre: Gnr. 81/18

Eigedom til høgre: Gnr. 81/6

Punkt nr	Beskrivelse	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
Grensa startar i sjøen så langt ut privat eigedomsrett gjeld og går til grensepunkt 60 og vidare i same retning til grensepunkt 61. Grensepunkt 60 er eit retningspunkt i sjøen og grensepunkt 61 er eit umerka punkt i flomålet.					
60	Umerka grensepunkt			7756756,98	711992,19
		78,58	20,47		
61	Umerka grensepunkt			7756763,74	712011,52
		99,27	20,54		
53	Off. godkj. grensemerke i jord			7756763,98	712032,05
		99,27	108,34		
52	Off. godkj. grensemerke i fjell			7756765,22	712140,39
		99,32	62,82		
50	Off. godkj. grensemerke i stein			7756765,90	712203,21
		102,20	7,71		
51	Off. godkj. grensemerke i jord			7756765,63	712210,91
		98,80	49,79		
18	Off. godkj. grensemerke i jord			7756766,57	712260,69
		99,25	102,22		
57	Off. godkj. grensemerke i fjell			7756767,77	712362,90
		99,18	136,31		
58	Off. godkj. grensemerke i fjell			7756769,53	712499,20
		99,54	34,44		
59	Off. godkj. grensemerke i jord			7756769,78	712533,64

Og vidare i same retning til den treff grensa mellom gnr. 81/18 og 81/19, om lag 23 meter frå grensepunkt 59.

Grensepunkt med punktnummer 18 og 51 er tidlegare nedsett kommunalt jordmerke. Grensepunktet er målt inn på nytt i samband med denne saka. Grensepunkt med punktnummer 50 er nedsett ved tidlegare hogd kross i jordfast stein.

Grense 3

Eigedom til venstre: Gnr. 81/6

Eigedom til høgre: Gnr. 81/23

Punktnr	Beskrivelse	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
43	Off. godkj. grensemerke i jord			7756701,17	712130,73
		102,76	86,31		
40	Off. godkj. grensemerke i jord			7756697,43	712216,96
		211,93	56,68		
41	Off. godkj. grensemerke i jord			7756641,74	712206,40
		303,11	82,59		
42	Off. godkj. grensemerke i stein			7756645,78	712123,91
		7,81	55,82		
43	Off. godkj. grensemerke i jord			7756701,17	712130,73

Grense 4

Eigedom til venstre: Gnr. 81/6

Eigedom til høgre: Gnr. 81/24

Punktnr	Beskrivelse	Retning	Avstand	X-koordinat	Y-koordinat
49	Off. godkj. grensemerke i jord			7756678,48	712245,18
		100,95	104,96		
44	Off. godkj. grensemerke i fjell			7756676,92	712350,13
		193,52	135,02		
46	Off. godkj. grensemerke i fjell			7756542,60	712363,84
		295,72	41,67		
47	Off. godkj. grensemerke i jord			7756539,80	712322,26
		346,02	74,77		
48	Off. godkj. grensemerke i jord			7756589,27	712266,19
		385,28	91,66		
49	Off. godkj. grensemerke i jord			7756678,48	712245,18

Retten har ikkje teke stilling til grensene til gnr. 81/24 og 81/27. Eigedomane er delt frå gnr. 81/24 og ligg innanfor grensene til gnr. 81/24.

Grensa vert broten av veggrunn mellom grensepunkt 49 og 44, og mellom grensepunkt 47 og 48.

3 Jordskiftekostnader og avsluttande føresegner

3.1 Jordskiftekostnader

Jordskiftekostnader og gebyr skal dekkast av partane i samsvar med jordskiftelova § 74. Jordskifteretten kan endra dei samla gebyrkostnadene dersom arbeidstida avvik nemnande frå det vanlege. I denne saka har jordskifteretten valt å korta ned kostnadene noko. Eigedomane gnr. 81/2, 81/4, 81/27, 81/45 og 81/48 har ikkje påført saka nemnande arbeid,

og det er derfor heller ikkje ilagt gebyr for desse eigedomane. På denne bakgrunnen vert kostnadene slik:

Registreringsgebyr	kr	4 300,-
Partsgеbyr	kr	7 740,-
Grenselengdegebyr	kr	6 880,-
Grensemerke	kr	1 350,-
Sum	kr	20 270,-

Partane har fått høve til å uttale seg om fordelinga av kostnadene.

Kostnadene er etter retten sitt skjønn fordelt mellom partane etter den nytten dei har hatt av grensefastsetjinga, jf. jordskiftelova § 76. Jordskifteretten har i samband med dette lagt til grunn at alle som får klarlagt ei grense har nytte av dette. Der to eig på kvar si side av ei grense, er dei gitt halvparten av gebyra kvar. For å rekna ut kor mykje av gebyra som må leggst til kvar grenselinje er det teke utgangspunkt i lengde og tal på grensepunkt.

I tillegg til desse generelle prinsippa er kvar grenselinje skjønnsmessig vurdert av retten. I dei høva jordskifteretten har nytta tidlegare nedsette merker eller kommunale merker, er det ikkje lagt i gebyr.

Jordskiftekostnadene vert etter dette fordelt slik:

Gnr./bnr.	Eigar	skal betale kr	har betalt kr	skuldar kr
81/1	Kjell Odd Johansen	3 182,-		3 182,-
81/6	Ole Jensen	10 135,-	4 300,-	5 835,-
81/18	Torbjørn M. Olsen	3 182,-		3 182,-
81/23	A/L Ul-løkka	1 848,-		1 848,-
81/24	Odin Herbjørn Larsen	1 923,-		1 923,-
SUM		20 270,-	4 300,-	15 970,-

Om du skuldar pengar, vil du få faktura i eige brev frå Domstoladministrasjonen. Betalingsfristen er påført fakturaen. Skuldig beløp som ikkje vert betalt innan denne fristen, kan tvangsinn drivast utan nærmare varsel.

3.2 Avslutting av saka

Saka blir avslutta i dette møtet.

3.3 Forkynning og anke

Forkynning skjer etter reglane for postforkynning. Fristen for anke er ein månad frå forkynning. Reglane om anke er lagt ved forkynninga.

3.4 Ikraftsetjing

Dersom ikkje anna er særskilt bestemt, vert avgjerdene i denne saka sett i kraft frå rettskraftdato.

3.5 Matrikkelføring

Jordskifteretten vil setja fram krav om matrikkelføring av saka når saka er rettskraftig.

3.6 Tinglysing

Saka vil bli tinglyst på følgjande eigedomar i Nordreisa kommune: 81/1, 81/2, 81/4, 81/6, 81/18, 81/23, 81/24, 81/27, 81/45 og 81/48.

Retten heva.
Tromsø, 16.02.2015

Sæmund Stokstad
(sign.)